




Det Kongelige Kultur og Kirkedep.
PB 8030 Dep

0030 OSLO



Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
06/481-6		Nils Geir Myrkaskog	57 69 82 40	K2-C84, K3-&13	01.12.2006

MELDING OM VEDTAK

Høyring - Staten og Den norske kirke

I møte 27.11.2006 sak 72/06 vart det gjort sølikt vedtak i saka:

Eit fleirtal på 15 røysta for ei slik uttale:

"Den norske kyrkja er ein viktig kulturberar og samfunnsinstitusjon som formidlar verdier og livstolking til størstedelen av det norske folk.

For Vik kommune er det difor eit overordna mål at også ei framtidig kyrkjeordning bidreg til å:

styrkje Den norske kyrkja slik at ho kan framstå som ei opa, inkluderande og landsdekkjande folkekyrkje med brei oppslutnad og ei demokratisk forankra styringsform, samt bidra til gode rammevilkår for alle trus- og livssynssamfunn i Noreg, der ein søker å unngå urettmessig forskjellsbehandling.

Kommunen meiner at den gjeldande statskyrkjeordninga ikkje er i strid med religionsfridomen. - Statskyrkjeordninga er dessutan ei kyrkjeordning som på beste vis ivaretek både demokrati, likestilling mellom kjønna, rom for ulike teologisk syn osv. Statskyrkjeordninga er difor den ordninga som mest gjev høve til å framstå som ei opa og inkluderande kyrkje.

Vik kommune ynskjer å føre vidare statskyrkjeordninga slik ho er i dag, og ser, i motsetnad til Gjønnnesutvalet, at det framleis er mogleg å vidareutvikle kyrkja med ulike reformer innanfor ei form for statskyrkjeleg grunnkonstruksjon.

Gjønnnesutvalet har ikkje vore tydelege nok på dei negative sidene som ligg til grunn for eit evt. skilje frå staten. Kva er så galt med den kyrkjeordninga vi har i dag, at det er naudsynt med eit skilje?

Handlar det t.d. om sjølvråderetten, å "rå i eige hus", som stadig vert trekt fram i debatten, er det for eksempel ikkje sagt noko i rapporten om kven som i ei nyordning skal tilsette biskopane, om kongens rolle som kyrkjemedlem osv....

Gjønnesutvalet har ikkje i tilstrekkeleg grad utgreidd Den norske kyrkja si framtidige styringsmodell, organisering og finansiering. Og desse spørsmåla skaper stor uvisse i høve til eit evt. skilje. Vik kommune etterlyser difor ein større konsekvensanalyse av kva ordningar vi får på desse områda om kyrkja vert skilt frå staten.

Statskyrkjeordninga pr. i dag har ei god økonomisk forvaltning, gjennom bidrag frå stat og kommune, som ikkje minst tek omsyn til distrikta. Korleis vil dette verte etter eit skilje?

Gjønnesutvalet vart i si tid oppnemnt med 21 medlemar. 18 av desse har anbefalt at statskyrkjeordninga vert oppheva. Men at 14 av desse går for ei mellomløyning, der Den norske kyrkja framleis skal ha ei særstilling i høve til staten, inkludert at det offentlege skal stå for hovudfinansieringa (som før), tyder på at heile utvalet er i stor uvisse om det verkeleg er eit skilje mellom kyrkje og stat ein vil ha.

Sjå elles kommunen sine svar på høyringssørsmåla (vedlegg)".

Eit mindretal på 2 røysta for ei slik uttale:

"Vik Krf går inn for et skille mellom stat-kirke. Kirkemøtet hadde nylig et flertall som gikk inn for dette, samtidig som et flertall i folket ønsker det samme. Gjønnes-utvalget sitt flertall går inn for et skille stat-kirke, men hvor den evangelisk-lutherske kirke fortsatt har en framtreddende rolle i Norge. Dette synet deler Vik Krf.

Kirken skal være tuftet på Guds Ord, og skal være en åpen, inkluderende, folkelig og landsdekkende kirke. Dette oppnår vi best med å la kirken bli herre i eget hus, slik vi ser det. La kirken selv oppnevne biskoper og ta avgjørelser som gjelder tro og lære. Vi har gjentatte ganger sett at det har vært uenighet mellom kirke og regjering om utnevning av biskoper, hvor kirken sitt syn ikke har blitt lagt vekt på. Man kan oppnevne et eget utvalg innen kirken som tar disse avgjørelsene.

Vi ser og at Norge er i ferd med å avkristnes selv om vi har en statskirkeordning hvor 85% av befolkningen er medlemmer. Enkelte steder feirer man ikke jul, man kan ikke syngje julesanger, man kan ikke fortelle historier fra Bibelen i krlfaget etc fordi man er redd for å støte noen. Er det dette vi ønsker for landet vårt??

Vi i Vik Krf ser behovet for en egen kirkelov som ivaretar at Norge fortsatt skal være et kristent land, tuftet på den evangelisk-lutherske tro og de kristne grunnverdine. Dette dersom paragrafene i Grunnloven blir tatt vekk. Samtidig er det viktig å fortsatt fasholde at det er trosfrihet i landet.

Når de gjelder økonomi og drifting etter et eventuelt skille, går Vik Krf inn for at de som fortsatt velger å være medlemmer i kirken, skal betale en medlemsavgift og at de skal få være med og styre kirken både når det gjelder tro og lære, oppnevning av biskoper etc gjennom gitte styringsorgan.


Vik Krf ønsker at det i høringsuttalen fra Vik kommune skal fremgå at denne ikke er enstemmig for å beholde den ordningen vi har i dag. Det bør gis rom for en høringsuttale som rommer de ulike synene som er i kommunestyret.

Vik Krf ønsker:

- *Et skille mellom stat-kirke – altså den mellomløsningen som flertallet i Gjønnestutvalget gikk inn for – hvor den evangelisk-lutherske kirke fortsatt har en framtreddende stilling i Norge*
- *Biskoper skal utnevnes av kirken ved et eget utvalg*
- *Den evangelisk-lutherske kirken skal fortsatt være en kirke tuftet på Guds Ord, være en åpen, inkluderende, folkelig og landsdekkende kirke med særstilling foran andre trosretninger i Norge*
- *En egen kirkelov som slår fast at Norge er et land bygget på de kristne grunnverdiene og som framholder punktet over*
- *Innføring av medlemsavgift for de som velger å forbli medlemmer i kirken etter et evt skille*

Dersom man velger å fastholde den ordningen vi har i dag med statskirke, ønsker Vik Krf at kristendomsfaget blir innført igjen i barnehager og skoler. Dette for å skape identitet, trygghet og trossikkerhet for barna som vokser opp i dag. 85% av landets inbyggere er pr dags dato medlemmer i kirken – det er viktig at disse får opplæring i sin tro helt fra de blir døpt, slik at de kjenner de kristne verdiene og den kristne lære. De som ikke er medlemmer av statskirken kan få fritak fra denne undervisningen om de måtte ønske det.”

Med helsing


Nils Geir Myrkaskog
Rådmann

Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *Kommune styret*

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

*Alle mennesker fortsatt i folkekirke.
Som skal være open for alle*

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellestråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare